



## Juryen si grunningeving for tildeling av Benjaminprisen 2014

Elevar, lærarar, leiing og føresette ved Uranienborg skole i Oslo har over fleire år stilt seg spørsmålet: "Korleis kan vi lage eit godt psykososialt elevmiljø for alle, fritt for rasisme, antisemittisme, mobbing og utestenging?" Arbeidet ved skulen viser at svara dei har funne er å involvere alle ved skulen, systematisk ha spørsmålet på skulen sin agenda, stadig styrke og søkje nye metodar, og fokusere på majoriteten sine haldningar og fordommar. For dette arbeidet tildelast Uranienborg skole Benjaminprisen for 2014.

Uranienborg skole kommuniserer tydeleg at arbeidet mot rasisme og diskriminering har høg prioritet ved skulen. Lærarar og leiing er medvitne på å stadig utvide kunnskapen sin om tematikken. Vinnarskulen har sett i gang mange tiltak og prosjekt, og sist delteke i skuleutviklingsprosjektet *Dembra* for å styrke skulen sin beredskap mot rasisme og antisemittisme. Skulen set rasisme og diskriminering jamleg på dagsordenen på foreldremøte og i elevrådet og har integrert det i sine langsiktige planar. I fjor prioriterte skulen å sende alle lærarane på felles studietur med tema antisemittisme.

Kunnskapsbygginga som har gått føre seg på vinnarskulen har resultert i konkrete undervisningsopplegg om rasisme og diskriminering for elevane på alle klassetrinn, og ei særskild satsing mot negativ språkbruk og rasistiske eller diskriminerande ytringar og skjellsord.

På Uranienborg skole snakkar dei mykje saman om kva slags skulekvardag dei vil ha, og er opptekne av at elevane sine stemmer skal bli høyrde. På mellomtrinnet er det innført trivselsagentar som er med på å skape eit inkluderande miljø i skulegarden. Ein tenketank av foreldre og leiinga vart oppretta i 2014 for å diskutere korleis skulen kan arbeide for eit meir inkluderande læringsmiljø. Uranienborg er ein stor skule med elevar frå 1.-10. klasse. Dette gjer elevmedverknad og involvering av foreldre ekstra krevjande og juryen er imponert over korleis Uranienborg verkar å ha lukkast godt med det.

Uranienborg skole har lagt ned solid og godt arbeid mot rasisme og diskriminering over lengre tid, og skriv sjølv på sine heimesider at: «et slikt tema aldri vil kunne bli ferdigbehandlet». Juryen gler seg til å sjå fortsetjinga av arbeidet, og gratulerer leiing, tilsette, føresette og elevar ved "Urra" som verdige vinnarar av Benjaminprisen 2014.